



Vinje kommune



VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I VINJE KOMMUNE



Vedteke i sak 12/9 i Oppvekst- og velferdsutvalet 15.02.2012

1. EIGARTILHØVE

Vinje kommune eig og driv Edland barnehage, Hakkespetta barnehage, Rauland barnehage og barnehagane ved Vinje og Øyfjell oppvekstsenter. Barnehagane ligg administrativt under rådmannen.

2. GRUNNLAG FOR BARNEHAGEDRIFTA

Dei kommunale barnehagane blir drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, rammeplan for barnehagane og kommunale vedtak.

Barnehagane skal ha samarbeidsorgan i samsvar med Lov om barnehagar.

Kommunestyret, eller den kommunestyret gjev mynde til, fører tilsyn med verksemder som er regulerte etter Lov om barnehagar, jf. §7 om vedtekter.

3. BARNEHAGEN SI OPPGÅVE - FORMÅL

Barnehagen skal gje barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne. Saman med heimen skal barnehagen skape eit miljø som sikrar barnet individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, læring og etisk rettleiing. Barnehagen skal vera ein del av bygdemiljøet og ta vare på kulturverdiane i bygda, talemål, sed og skikk.

Nynorsk målform skal så langt som råd nyttast i songar og litteratur.

Formål:

Verksemda skal byggje på dei etiske grunnverdiane som er forankra i Lov om barnehagar § 1. Den lyder slik:

“Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

Årsplanar /planar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal leggjast fram for foreldrerådet og fastsetjast av samarbeidsutvalet.

4. FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er sett saman av alle foreldre/føresette i barnehagen.

Samarbeidsutvalet er sett saman av tilsette og foreldre i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar skal delta, men ikkje ha fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Oppvekstsentra har felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

5. BARNEHAGETILBODET

Vinje kommunen gjev følgjande barnehagetilbod:

Edland barnehage	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v
Hakkespetta barnehage	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v
Rauland barnehage	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v
Vinje oppvekstsenter	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v
Øyfjell oppvekstsenter	: 1-5 år - 3, 4 eller 5 d/v

Tilbodet er maks 9 t/d (kl 07.30 – 16.30)

Det kan vera høve til å koma tidlegare/reise seinare, men dette berre etter søknad til den enkelte barnehage.

6. SØKNAD OM PLOSS

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn.

Søknad om barnehageplass skjer på elektronisk skjema som ein finn på heimesida til kommunen. Hovudopptaket skjer om våren, søknadsfrist 1.mars. Tildelt plass gjeld til barnet tek til i skulen, eller til plassen blir sagt opp.

Saka vil då måtte opp administrativt før ho går til klagenemnda for endeleg avgjerd.

Avgjerdsrett ved søknad om opptak er delegert frå rådmannen til leiarane av barnehagane / oppvekstsentra.

Dersom søkjar vil klage på avgjerda om barnehageplass, skal klaga sendast til kommunen innan 3 veker.

7. OPPTAK - OPPTAKSKRITERIUM

Barn som fyller eitt år i løpet av august månad det året hovudopptak skjer, har lovfesta rett til barnehageplass.

Fyller barnet 1 år etter 1.september, blir barnehageplass vurdert frå månaden barnet fyller 1 år.

Ut over lovfesta rett til barnehageplass blir følgjande kriterium lagt til grunn:

- Barn med nedsett funksjonsevne, jf. § 13 i Lov om barnehagar og sakkunnig vurdering.
- Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-4 og 4-12.
- Barn som fyller 5 år i inneverande år.

Eldre barn får plass framfor yngre.

Av pedagogiske og sosiale grunnar skal barnehagesjef/oppvekstsjef og ta omsyn til barnegruppa si samansetjing i det heile, t.d. alder, kjønn og kontinuitet.

Dersom det er ledige plassar etter at hovudopptaket er avslutta, kan opptak av barn frå andre kommunar bli vurdert.

Tildelt plass må takast i bruk innan ein månad, elles så fell han bort.

8. OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

Plassen i barnehagen kan seiast opp frå 15. eller siste dag i månaden.
Oppseiinga skal vera skriftleg.

9. BETALING

Vinje kommunestyre vedtek foreldrebetalinga. Satsane for foreldrebetaling blir rekna ut etter maksimalgrense for foreldrebetaling sett av Stortinget i sitt årlege budsjettvedtak.

Foreldrebetalinga skal betalast ein gong pr. måned.

Det skal betalast for 11 månader i året. Matpengar til sjølvkost.

Moderasjonar:

50 % syskenmoderasjon for det andre barnet, 75 % for kvar av dei neste.

Endringar i takstsystemet blir ikkje gjort gjeldande før starten av nytt barnehageår, om ikkje Staten gjev retningsliner om noko anna.

Betaling for barnehagetilbod er gradert etter husstanden si samla dagsaktuelle bruttoinntekt.

Melding om bruttoinntekt med dokumentasjon skal sendast barnehagen. *Frist for levering av inntektsgrunnlagsskjema er 1.mai kvart år for nye ungar og 15.januar for ungar som har plass.*

Barn som får spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova § 5-7, får reduksjon i foreldrebetalinga som svarar til tida barnet får slik hjelp.

Dersom ein ikkje fullt ut nyttar den tida ein har fått, må ein likevel betale for det tilbodet ein har takka ja til.

Plass som etter ein måned ikkje blir nytta utan at det ligg føre grunn, går attende til barnehagen og kan fordelast til andre barn.

Manglande betaling kan føre til at plassen blir oppsagt.

Det er høve til å fakturere eit "straffegebyr" (kr 200 pr påbyrja time) når opphaldstida ikkje blir halden.

10. KJØPEDAGAR

Dette er eit tilbod til barn som alt har ein barnehageplass. Det blir fakturert for 9 timar + kost.

11. OPNINGSTID / FERIAR

Barnehageåret tek til når nytt skuleår startar om hausten.

Dei er stengde jole- og nyårseftan, onsdag før skirtorsdag etter kl 12.00 og alle helge- og høgtidsdagar.

Barna skal ha 4 veker ferie pr. år. 3 av desse vekene skal takast i samanheng.

Alle barnehagar er stengde 5 dagar i barnehageåret i samband med kurs- og planleggingsdagar for dei tilsette.

12. AREALUTNYTTING

Vinje kommune har følgjande norm for arealutnytting:

4,0 m² for barn over 3 år og 8,0 m² for barn under 3 år.

Vedteke i sak 12/9 i Oppvekst- og velferdsutvalet 15.02.2012